

60 på korgafest i Helgheim

22.04.2012

Danse-entusiastane Berit Harriet og Ivar Kåre Døssland kunne i går kveld innkassera ein skikkeleg suksess då dei heldt ein god, gamaldags korgafest i Helgheim, Rundt rekna 60 koste seg i det tradisjonsrike lokalet og ein som uttrykte kva mange meinte var Tore Hatteberg frå Rosendal: Ein så festleg fest opplever ein sjeldan. Den bør gjentakast.

Dei fleste kom frå Kvinnherad, men det var danseglade både frå austsida og vestsida av vår kommune som svinga seg til tonene frå bandet Trinity som er så lokalt som nesten mogeleg. Jan Tveito er frå Uskedalen og ekteparet Olaug Heggenes og Karsten Ekeland bur på Sandvoll.

Dei tre har no halde på under det treeinige namnet sidan 1986 og før det spela dei i EDO. Det dei presterte i går kveld fekk sterk ros av dansarane og avslørte eit rikhaldig repertoar.

Men det var slett ikkje berre dans. Det var også ei solid matøkt der det vart servert utruleg mange gode smørbrød og muntre historier av fleire og særleg av Ivar Kåre. Han og kona starta dansekveldane fot eitpar år siden og dette var eit førebels klimaks. Men det kjem nok fleire,

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen